



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** 1. etg., Samfunnshuset i Volda  
**Dato:** 29.09.2016  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Hild Våge	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Uthman Abu Harbid	Medlem	AP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Jan Henning Egset	Uthman Abu Harbid frå kl. 16:15	AP
Eivind Olav Indresøvd	Uthman Abu Harbid frå	AP



## VOLDA KOMMUNE

	kl. 14:00 - 16:15	
Ivar-Otto Kristiansen	Dan Helge Bjørneset	H
Inger Tove B. Simonnes	Margrete Bjerkvik	KRF
Einar Børtveit	Erlend Koppen	KRF
Inge Alexander Bruheim	Henning Holsvik frå	KRF
	kl. 16:15	
Jan Øystein Håvik Holsvik	Sølvi Dimmen frå kl. 14:00 -	SP
	16:15	

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Henrik Skovly	Økonomisjef, sak PS 017/16
Rune Totland	Teknisk sjef, sak PS 110/16

Jan Henning Egset møtte før handsaming av sak PS 109/16, og Eivind Indresøvde gjekk.

Henning Holsvik fekk permisjon og gjekk under handsaming av sak PS 108/16. Inge Aleksander Bruheim møtte som vara for han før handsaming av sak PS 109/16.

Sølvi Dimmen møtte før handsaming av sak PS 109/16, og Jan Øystein Håvik Holsvik gjekk.

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 104/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 105/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 106/16	<b>Planid 2015001 - Bustadområde Legene - Bøkevegen - del av gbr 19/29. Avvising av privat planframlegg.</b>
PS 107/16	<b>Organisering av prosessar for frigjering av ressursar- Budsjettt og økonomiplanprosess.</b>
PS 108/16	<b>Voldahallen - Ny Voldahall</b>
PS 109/16	<b>Intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune om kino/kultursal i nytt Mediehus</b>
PS 110/16	<b>Tilleggsøyving, utbetring av Botnavegen</b>
PS 111/16	<b>Avtale om anleggsbidrag og finansiering av utbygging av</b>



## **VOLDA KOMMUNE**

### **sambindingsveg over Håmyra**

- PS 112/16 **Organisering av interkommunalt IKT-samarbeid**
- PS 113/16 **Rutinar for eigarskapsstyring**
- PS 114/16 **VTI-Symjegruppa - leige av symjehallen i Volda – folkebadinga**
- PS 115/16 **Val av politisk representant i vassregionutvalet**
- PS 116/16 **Lagrettemedlemmer og meddommere for perioden 2017-2020**
- PS 117/16 **Mathilde M. Sjøhelle Eiksund - permisjon frå politisk verv**

### **PS 118/16 ORIENTERINGSSAKER**

- OS 40/16 **Oppsummering frå møte 19.09.16 i styringsgruppa for interkommunalt samarbeid mellom Volda og Ørsta**
- OS 41/16 **Workshop regionreforma - prosjektrapport frå Nordfjordrådet og Sunnmøre regionråd**

### **PS 119/16 DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE**

- DS 146/16 **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 2/57**
- DS 147/16 **Ferdigattest, Askevegen 11-19, Gbr 17/223 og 18/423**
- DS 148/16 **Ferdigattest Gbr 17/231**
- DS 149/16 **Løyve til tiltak , garasje Gbr 19/927**
- DS 150/16 **Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 19/983**
- DS 151/16 **Igangsettingsløyve Gbr 20/561/0/7**
- DS 152/16 **Ferdigattest, parkeringsplass Gbr 20/79**
- DS 153/16 **Løyve til tiltak, bustad Gbr 21/150**
- DS 154/16 **Ferdigattest, tilbygg Gbr 30/219**
- DS 155/16 **Løyve til tiltak, sarhus Gbr 32/1**
- DS 156/16 **Løyve til tiltak, støttemur gbr 110/7**
- DS 157/16 **Ferdigattest Gbr 146/18**
- DS 158/16 **Løyve til tiltak, garasje/lager Gbr 155/3**



## **PS 104/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

#### **Innkalling**

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 22.09.16. Møtet vart annonsert i "Møre" den 24.09.16.

#### **Røysting:**

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Ordføraren sa at møtet var sett.

### **Sakliste**

#### **Røysting:**

Saklista vart samrøystes vedteken.

## **PS 105/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå førre møte den 25.08.16 vart samrøystes godkjent.

## **PS 106/16 Planid 2015001 - Bustadområde Legene - Bøkevegen - del av gbr 19/29. Avvising av privat planframlegg**

### **Tilråding i formannskapet - 06.09.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret sluttar seg til formannskapet sitt vedtak i sak PS118/16, og gjer slikt vedtak:*

- 1. Kommunestyret finn ikkje at arealspørsmålet og konsekvensane tilknytt dette er godt nok utgreidd gjennom plan/planprosess og finn ikkje at det er grunnlag for å fremje motteken privat detaljreguleringsplan for Legene -Bøkevegen. Planframlegget vert ikkje å legge ut til offentleg ettersyn.*
- 2. Arealbruken i området vert å vurdere/avklare i samanheng med revisjon av kommuneplanens arealdel.*
- 3. Kommunestyret ynskjer så langt råd å sikre trygg og god pasienttransport til og frå sjukehuset i Volda. I denne samanheng herskar det tvil om korleis denne utbygginga kan påverke den framtidig pasienttransporten med helikopter. Kommunestyret ber difor om i planprosessen å få ei avklaring på framtidige endra krav til landingsplass, infrastruktur og val av helikoptertype og sjuketransport.*



## VOLDA KOMMUNE

- 4. Kommunestyret finn at omsøkte grensejustering, der mindre areal frå gbnr 19/29 er tenkt tillagt sjukehuset sitt areal, er i samsvar med sjukehuset sine interesser og utan konflikt med andre interesser, kan gjennomførast utan vidare planavklaring.*

### **Handsaming:**

Fride Schjølberg Sortehaug reiste spørsmål om ho var ugild. Mor hennar er nabo og har levert klage tidlegare i prosessen. K.lova § 40, jf. fvl § 6, 1.ledd, b. Fride Sortehaug tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om ugildskap.

### Røysting ugildskap:

Fride Schjølberg Sortehaug vart samrøystes kjent ugild.

Det var 26 røysteføre til stades ved handsaming av saka.

Erlend Krumsvik, Krf, kom med fylgjande alternativt framlegg:

*Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova, paragraf 12-10, å leggje framlegg til PlanID 2015001 – Bustadområde Legene – Bøkevegen – del av gbr. 19/29 ut til offentleg ettersyn i seks veker.*

### **Røysting:**

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Erlend Krumsvik. Tilrådinga frå formannskapet fekk 21 røyster og vart vedteken. Framlegget frå Erlend Krumsvik fekk fem røyster og fall.

### **Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016**

*Kommunestyret sluttar seg til formannskapet sitt vedtak i sak PS118/16, og gjer slikt vedtak:*

- 1. Kommunestyret finn ikkje at arealspørsmålet og konsekvensane tilknytt dette er godt nok utgreidd gjennom plan/planprosess og finn ikkje at det er grunnlag for å fremje motteken privat detaljreguleringsplan for Legene -Bøkevegen. Planframlegget vert ikkje å legge ut til offentleg ettersyn.*
- 2. Arealbruken i området vert å vurdere/avklare i samanheng med revisjon av kommuneplanens arealdel.*
- 3. Kommunestyret ynskjer så langt råd å sikre trygg og god pasienttransport til og frå sjukehuset i Volda. I denne samanheng herskar det tvil om korleis denne utbygginga kan påverke den framtidig pasienttransporten med helikopter. Kommunestyret ber difor om i planprosessen å få ei avklaring på framtidige endra krav til landingsplass, infrastruktur og val av helikoptertype og sjuketransport.*
- 4. Kommunestyret finn at omsøkte grensejustering, der mindre areal frå gbnr 19/29 er tenkt tillagt sjukehuset sitt areal, er i samsvar med sjukehuset sine interesser og utan konflikt med andre interesser, kan gjennomførast utan vidare planavklaring.*



Fride Schjølberg Sortehaug tok sete.

## **PS 107/16 Organisering av prosessar for frigjering av ressursar- Budsjett og økonomiplanprosess.**

### **Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret tek Prosessnotat økonomi d.s. 09.09.2016 til vitande.*
- 2. Prosessnotatet vert å legge til grunn i det pågåande budsjett og økonomiplanarbeidet.*

### **Handsaming:**

Ordføraren presenterte arbeidet som har vore gjort i den politiske arbeidsgruppa i høve økonomiprosessen.

### **Punktvis røysting:**

Pkt. 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Pkt. 2 i tilrådinga frå formannskapet fekk 21 røyster og vart vedteke. Seks røysta mot.

### **Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016**

- 1. Kommunestyret tek Prosessnotat økonomi d.s. 09.09.2016 til vitande.*
- 2. Prosessnotatet vert å legge til grunn i det pågåande budsjett og økonomiplanarbeidet.*

## **PS 108/16 Voldahallen - Ny Voldahall**

### **Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:**

*1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført eit forprosjekt for ny idrettshall i Volda sentrum med slikt innhald:*

- Utgreiing av plassering av ein hall med to speleflater på følgjande plasseringar:*
  - Steinrøysa*
  - Området syd for Berte-Kanutte*
  - Området nord for Øyra skule*
- Avklare kven som er partar i høve dei ulike plasseringane og med sannsynleggjering av kva nivå på økonomisk finansiering og driftsøkonomi partane kan bidra med. I den*



## VOLDA KOMMUNE

*samanheng må ein også avklare Høgskulen i Volda sine behov og ev deltaking sett i høve til ei ev framtidig fullrealisering gjennom fleire byggjesteg, der ein har ein samla hallkapasitet som også dekkjer HVO sitt behov og ein ny symjehall*

- *Utgreiing av bygging i to byggjesteg. Ev riving av Voldahallen eller ev rehabilitering for mellombels drift inngår i utgreiinga.*
- *Synleggjere ulike samfunnsmessige konsekvensar ved dei ulike plasseringane*
- *Utarbeiding av romprogram*
- *Vurdering av trafikale høve, parkering og ev. annan infrastruktur*
- *Vurdering av utbyggingsmodell og finansieringsløyser*
- *Utarbeiding av kostnadskalkyle basert på realistisk gjennomføring*

*2. Forprosjektet vil ha ein fase 1 der tomtevalet skal avklarast og ein fase 2 der ein utarbeider forprosjekt for idrettshall med grunnlag i den tomte som vert valt. Val av tomt vert å avklare i samarbeid mellom partane og for kommunen sin del etter godkjenning i kommunestyret. Partane skal i fase 1 sannsynleggjere sitt økonomiske engasjement da dette vil vere avgjerande for vidare vegval.*

*3. Arbeidsgruppa held fram for gjennomføring av mandatet etter punkt 1. Høgskulen i Volda vert invitert med i arbeidsgruppa.*

*4. Kostnaden med forprosjektet vert å dekkje gjennom eiga sak eller i samband med komande budsjett og økonomiplan basert på anbudsprisar.*

### **Handsaming:**

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om han var ugild, han er medlem i arbeidsgruppa som representant for KFUM-Volda, jf. k.l. § 40, jf. fv.l. § 6. 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om ugildskap.

### Røysting ugildskap:

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent ugild.

Det var 26 røysteføre til stades under handsaming av saka.

Øyvind Festø, MDG, kom med fylgjande tilleggsframlegg til formannskapet si tilråding:

- 1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført eit forprosjekt for ny idrettshall i Volda sentrum med slikt innhald*
  - Utgreiing av plassering av ein hall med ei eller to speleflater på følgjande plasseringar.*
  - o Steinrøysa*
  - o Området syd for Berte-Kanutte*
  - o Området nord for Øyra skule*
  - o Området ved Ungdomskulen med eksisterande gymsalar og brakkeplass*



## VOLDA KOMMUNE



Arild Iversen, Krf, kom med fylgjande alternativt framlegg:

*Kommunestyret ber om snarleg tilbakemelding frå arbeidsgruppe oppnemnd av kommunestyret i april 2015 om ny Voldahall.*

Arild Iversen, Krf, kom med fylgjande framlegg som tillegg til sitt tidlegare framlagde framlegg:

*Kommunestyret godkjenner at arbeidsgruppa knyter til seg ekstern kompetanse om dette er naudsynt.*

Det vart halde gruppemøte i tilknytning til matpausen.

Henning Holsvik fekk permisjon og gjekk. Det var såleis 26 røysteføre til stades under den vidare handsaminga av saka.

Gunnar Strøm, SV, kom med fylgjande framlegg som tillegg til Arild Iversen sitt framlegg:

*Arbeidsgruppa vert bedt om å inkludere nye innspel i tillegg til det opprinnelege mandatet.*

Det vart bedt om prøverøysting.

Framlegga frå Arild Iversen og Gunnar Strøm vart å sjå på som eit felles framlegg frå dei.





## **Prøverøysting:**

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå formannskapet med tillegget frå Øyvind Festø og fellesframlegget frå Arild Iversen og Gunnar Strøm, fekk tilrådinga frå formannskapet med tillegget 10 røyster. Fellesframlegget frå Iversen og Strøm fekk 15 røyster.

## **Røysting:**

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå formannskapet med tillegget frå Øyvind Festø og fellesframlegget frå Arild Iversen og Gunnar Strøm, fekk tilrådinga frå formannskapet med tillegget 0 røyster og fall. Fellesframlegget frå Iversen og Strøm fekk 26 røyster og vart vedteke.

## **Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016**

- 1. Kommunestyret ber om snarleg tilbakemelding frå arbeidsgruppe oppnemnd av kommunestyret i april 2015 om ny Voldahall.*
- 2. Kommunestyret godkjenner at arbeidsgruppa knyter til seg ekstern kompetanse om dette er naudsynt.*
- 3. Arbeidsgruppa vert bedt om å inkludere nye innspel i tillegg til det opprinnelege mandatet.*

Erlend Krumsvik tok sete.

## **PS 109/16 Intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune om kino/kultursal i nytt Mediehus**

### **Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune, datert 10.09.16.*
- 2. Kommunestyret er innforstått med at intensjonsavtalen i alle høve innebere eit økonomisk ansvar innanfor ei ramme på kr 800 000. Nærare beløp vert å avklare med HVO og Statsbygg før ordføraren signerer avtalen. Det vert innarbeidd dekning for kommunen sin andel av planleggingskostnadene i komande budsjett og økonomiplan.*
- 3. Den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 følgjer arbeidet med skisseprosjektet for kino/kultursal/fleirbrukssal som del av planlegging av nytt*



## VOLDA KOMMUNE

*mediebygg på Campus - Høgskulen i Volda. Gruppa vert utvida med inntil 3 representantar frå kulturlivet i Volda. Arbeidsgruppa får ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet. Dette må balansere med ambisjonar som gjeld for liknande referanseprosjekt som har vore realistiske å gjennomføre. Gruppa rapporterer til kommunestyret via formannskapet.*

4. Andre avsnitt under pkt. 2 i intensjonsavtalen skal strykast.

*”Høgskulen sin andel er den dominerande i kino og kultursal/fleirbrukssalen (over 50 %).”*

### **Handsaming:**

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om ugildskap for Gunnar Strøm, Inger Tove Simonnes, Sølvi Dimmen og Jørgen Amdam.

Gunnar Strøm har ei fagleg leiande stilling på høgskulen.

Inger Tove Simonnes er gift med ein dosent ved høgskulen.

Sølvi Dimmen er gift med rektor på høgskulen.

Jørgen Amdam har vore professor og rektor ved høgskulen og har idag æresvervet Professor Emeritus.

Dei tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmåla om ugildskap.

Varaordførar Frida Schjølberg Sorthaug tok sete som ordførar.

Benedikte Holmberg reiste spørsmål om ho var ugild. Ho har ektefelle ved høgskulen.

Øyvind Festø reiste spørsmål om han var ugild. Han har ektefelle som studerer til doktorgrad i mediefag ved høgskulen.

Jan Henning Egset reiste spørsmål om han var ugild. Han er direktør i Studentsamskipnaden.

Roald Espset reiste spørsmål om han var ugild. Han har sambuar som har eigarskap i Propellhallen. Dei tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om ugildskap. K.l. § 40, jf. fvl. § 6, 2. ledd.

Det var 19 røysteføre til stades.

### Røysting vedk. ugildskap:

Øyvind Festø vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Jørgen Amdam vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Inger Tove Simonnes vart samrøystes kjend gild. Ho tok sete.

Jan Henning Egset vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Roald Espset vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Gunnar Strøm vart kjend gild med 23 røyster. Ein røysta mot.

Sølvi Dimmen vart kjend gild med 24 røyster. Ein røysta mot.

Benedikte Holmberg vart samrøystes kjend gild. Ho tok sete.

Det var 27 røysteføre til stades under handsaming av saka.

Ordførar orienterte om saka og hadde ein gjennomgang av høgskulen sin framdriftsplan.



## VOLDA KOMMUNE

Ordføreren kom med fylgjande alternativt framlegg:

- 1. Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune, datert 21.09.16.*
- 2. Den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 følgjer arbeidet med skisseprosjektet for kino/kultursal/fleirbrukssal som del av planlegging av nytt mediebygg på Campus - Høgskulen i Volda. Gruppa vert utvida med inntil 3 representantar frå kulturlivet i Volda, oppnemnd av formannskapet. Arbeidsgruppa får ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet. Dette må balansere med ambisjonar som gjeld for liknande referanseprosjekt som har vore realistiske å gjennomføre. Gruppa rapporterer til kommunestyret via formannskapet.*

Ordføreren bad om prøverøysting.

Prøverøysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå ordføreren, fekk tilrådinga frå formannskapet 0 røyster. Framlegget frå ordføreren fekk 27 røyster.

**Røysting:**

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå ordføreren, fekk framlegget frå ordføreren 27 røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå formannskapet fekk 0 røyster og fall.

**Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016**

- 1. Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune, datert 21.09.16.*
- 2. Den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 følgjer arbeidet med skisseprosjektet for kino/kultursal/fleirbrukssal som del av planlegging av nytt mediebygg på Campus - Høgskulen i Volda. Gruppa vert utvida med inntil 3 representantar frå kulturlivet i Volda, oppnemnd av formannskapet. Arbeidsgruppa får ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet. Dette må balansere med ambisjonar som gjeld for liknande referanseprosjekt som har vore realistiske å gjennomføre. Gruppa rapporterer til kommunestyret via formannskapet.*



## PS 110/16 Tilleggsøyving, utbetring av Botnavegen

### Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

1. For å gjennomføre komplett utbetring av Botnavegen, godkjenner kommunestyret tilleggsøyving på minimum kr 18 830 000,- inkl. mva. til prosjekt 701102. Tilleggsøyvinga vert finansiert slik:

Auka låneopptak	kr 15 314 000,-
Momskompensasjon	kr 3 516 000,-
SUM	kr 18 830 000,-

2. Volda kommune tek utbetring av ridebanevegen inn i prosjektet for Botnavegen, og tek kostnaden for dette tiltaket. Veg til ridebana ligg innanfor tilleggsøyvinga i punkt 1, og utgjer:

Auka låneopptak	kr 1 029 464,-
Momskompensasjon	kr 257 366,-
SUM	kr 1 286 830,-

Renter og avdrag vert å innarbeide i komande årsbudsjett (2017) og økonomiplan (2017-2020).

3. Kommunestyret føreset at grunneigar og rideklubben gjennom ein avtale avklarar kven som tek ansvaret for drifta av ridebanevegen.

### Handsaming:

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om han var ugild. Sundal si bestemor er ein av grunneigarane langs Botnavegen, K.l. § 40, jf. fvl. § 6. 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om ugildskap.

### Røysting ugildskap:

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent ugild.

Det var 26 røysteføre til stades under handsaming av saka.

Per Svein Krøvel, H, kom med fylgjande alternativt framlegg:

*Punkt 1 som oppført minus kostnadane i punkt 2.*

*Punkt 2 går ut.*

*Punkt 3 som oppført.*

### Punktvis røysting:



## VOLDA KOMMUNE

Ved alternativ røysting mellom pkt. 1 i tilrådinga frå formannskapet og pkt. 1 i framlegget frå Per Svein Krøvel, fekk tilrådinga frå formannskapet 24 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Krøvel fekk to røyster og fall.

Ved alternativ røysting mellom pkt. 2 i tilrådinga frå formannskapet og pkt. 2 i framlegget frå Per Svein Krøvel, fekk tilrådinga frå formannskapet 24 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Krøvel fekk to røyster og fall.

Pkt. 3 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke. |1

### Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

**1. For å gjennomføre komplett utbetring av Botnavegen, godkjenner kommunestyret tilleggsløyving på minimum kr 18 830 000,- inkl. mva. til prosjekt 701102. Tilleggsløyvinga vert finansiert slik:**

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr 15 314 000,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 3 516 000,-</i>
<b>SUM</b>	<b><i>kr 18 830 000,-</i></b>

**2. Volda kommune tek utbetring av ridebanevegen inn i prosjektet for Botnavegen, og tek kostnaden for dette tiltaket. Veg til ridebana ligg innanfor tilleggsløyvinga i punkt 1, og utgjer:**

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr 1 029 464,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 257 366,-</i>
<b>SUM</b>	<b><i>kr 1 286 830,-</i></b>

**Renter og avdrag vert å innarbeide i komande årsbudsjett (2017) og økonomiplan (2017-2020).**

**3. Kommunestyret føreset at grunneigar og rideklubben gjennom ein avtale avklarar kven som tek ansvaret for drifta av ridebanevegen.**

Odd Harald Sundal tok sete.

### **PS 111/16 Avtale om anleggsbidrag og finansiering av utbygging av sambindingsveg over Håmyra**

#### **Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret godkjenner utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Din Bolig AS for bygging av 290 meter ny sambindingsveg over Håmyra.*
- 2. Kommunestyret godkjenner at bygging av 530m ny sambindingsveg over Håmyra med overføringskulvert for avlasting av Orrgylelva vert lyst på tilbod*



## VOLDA KOMMUNE

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016**

- 1. Kommunestyret godkjenner utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Din Bolig AS for bygging av 290 meter ny sambindingsveg over Håmyra.*
- 2. Kommunestyret godkjenner at bygging av 530m ny sambindingsveg over Håmyra med overføringskulvert for avlasting av Orrgylelva vert lyst på tilbod*

### **PS 112/16 Organisering av interkommunalt IKT-samarbeid**

#### **Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret sluttar seg til at IKT-drifta vert organisert under felles leing i eit interkommunalt selskap. Volda kommune stiller til disposisjon 3 stillingar til selskapet frå 1. januar 2017 ved at to av stillingane/IKT-konsulentane som går i stillingane) vert leigd ut og den tredje som er vakant vert overført til selskapet.*
- 2. Kommunestyret kjem attende til godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av selskapet.*
- 3. Kommunestyret viser til prosessen med samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, og at det må takast høgde for at denne prosessen vert ivareteke gjennom IKT-selskapet dersom Hornindal og Volda ser det som mest tenleg. Vidare må IKT-funksjonen i kommunen si kriseleing ivaretakast i avtalen.*

### **Handsaming:**

Odd A. Folkestad, Frp, kom med fylgjande framlegg:

*Saka blir utsett. Det blir laga ei tilleggsutgreiing som er basert på alt. "andre aktuelle alternativ" (side 341 i rådmannen si utgreiing i saksdokumenta).*

### **Røysting over utsettingsframlegget:**

Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk tre røyster og fall. 24 røysta mot.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet fekk 21 røyster og vart vedteken. Seks røysta mot.



## VOLDA KOMMUNE

### Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

- 1. Kommunestyret sluttar seg til at IKT-drifta vert organisert under felles leing i eit interkommunalt selskap. Volda kommune stiller til disposisjon 3 stillingar til selskapet frå 1. januar 2017 ved at to av stillingane/IKT-konsulentane som går i stillingane) vert leigd ut og den tredje som er vakant vert overført til selskapet.*
- 2. Kommunestyret kjem attende til godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av selskapet.*
- 3. Kommunestyret viser til prosessen med samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, og at det må takast høgde for at denne prosessen vert ivareteke gjennom IKT-selskapet dersom Hornindal og Volda ser det som mest tenleg. Vidare må IKT-funksjonen i kommunen si kriseleing ivaretakast i avtalen.*

### PS 113/16 Rutinar for eigarskapsstyring

#### Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:

*Kommunestyret godkjenner rutinar for eigarskapsstyring slik desse framgår av saka.*

#### Handsaming:

#### Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

*Kommunestyret godkjenner rutinar for eigarskapsstyring slik desse framgår av saka.*

### PS 114/16 VTI-Symjegruppa - leige av symjehallen i Volda - folkebadinga

#### Tilråding i formannskapet - 06.09.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyre godkjenner at VTI symjegruppa får eit tilskot på kr 50.000 pr år, under føresetnad av at grunnskulelevane i Volda kommune får gratis inngang på folkebadinga.*
- 2. Ordninga gjeld frå budsjettåret 2017, og skal evaluerast etter eitt år. Tiltaket vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*



## VOLDA KOMMUNE

### **Handsaming:**

Fride Schjølberg Sortehaug reiste spørsmål om ho var ugild. Ho er instruktør i symjegruppa, k.l. § 40, jf. fvl § 6, 2. ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om ugildskap.

### Røysting ugildskap:

Fride Schjølberg Sortehaug vart kjend ugild med 24 røyster. To røysta mot.

Anders Egil Straume, Krf, kom med fylgjande alternativt framlegg:

*1. Kommunestyre godkjenner at VTI symjegruppa får eit tilskot på kr 100000 pr år.*

*2. Ordninga gjeld frå budsjettåret 2017, og skal evaluerast etter eit år. Tiltaket blir og innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*

SP v/Sølvi Dimmen kom med fylgjande alternativt framlegg:

*1. Kommunestyre godkjenner at VTI symjegruppa får eit tilskot på kr 100.000 pr. år*

*2. Ordninga gjeld frå budsjettåret 2017, og skal evaluerast etter eitt år. Tiltaket vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*

Framlegga frå Anders Egil Straume og SP v/Sølvi Dimmen vart samordna til eit felles framlegg. AP v/ordføraren og SV v/Gunnar Strøm slutta seg til framlegget.

### **Prøverøysting:**

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå formannskapet og fellesframlegget frå Krf, SP, AP og SV, fekk fellesframlegget 26 røyster. Tilrådinga frå formannskapet fekk 0 røyster.

### **Røysting:**

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå formannskapet og fellesframlegget frå Krf, SP, AP og SV, fekk fellesframlegget 26 røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå formannskapet fekk 0 røyster og fall.

### **Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016**

*1. Kommunestyre godkjenner at VTI symjegruppa får eit tilskot på kr 100.000 pr. år*

*2. Ordninga gjeld frå budsjettåret 2017, og skal evaluerast etter eitt år. Tiltaket vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*

Fride Schjølberg Sortehaug tok sete.





## VOLDA KOMMUNE

### **PS 115/16 Val av politisk representant i vassregionutvalet**

#### **Tilråding i Valnemnda - 15.09.2016 til kommunestyret:**

*Som representant i vassregionutvalet vert ordførar vald  
Som vararepresentant i vassregionutvalet vert varaordførar vald.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016**

*Som representant i vassregionutvalet vert ordførar vald  
Som vararepresentant i vassregionutvalet vert varaordførar vald.*

### **PS 116/16 Lagrettemedlemmer og meddommere for perioden 2017-2020**

#### **Tilråding i Valnemnda - 15.09.2016**

*Som meddommar til Frostating lagmannsrett blir Grethe Matland Olsen valt.  
Som medlem i tingretten blir Egil Berg og Per Torheim valt.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016**

*Som meddommar til Frostating lagmannsrett blir Grethe Matland Olsen valt.  
Som medlem i tingretten blir Egil Berg og Per Torheim valt.*

### **PS 117/16 Mathilde M. Sjøhelle Eiksund - permisjon frå politisk verv**

#### **Tilrådinging i Valnemnda - 15.09.2016 til kommunestyret:**

- 1. Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får permisjon frå sine politiske verv medan ho studerer i Trondheim.*



## VOLDA KOMMUNE

2. *Som nytt medlem i driftsstyret blir Inghild Liv Remøy valt. Som ny åttande vara vert Anne Natvig valt.*
3. *Som ny vara for fadder i ungdomsrådet blir Anne Natvig valt.*
4. *Som ny vara for kommunal representant i Fairtrade vert Åshild Vik valt.*

### **Handsaming:**

Fride Schjølberg Sortehaug kom med fylgjande framlegg:

*Saka vert utsett.*

### **Røysting:**

Framlegget frå Fride Schjølberg Sortehaug vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016**

*Saka vert utsett.*

## **PS 118/16 Orienteringssaker**

### **Handsaming:**

Det var ingen merknader til orienteringssakene.

## **PS 119/16 Delegerte saker frå avdelingane**

### **Handsaming:**

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.

Møtet slutt kl. 19:00

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand  
sekr.